



AUSTRHEIM KOMMUNE

Rådmannen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 41

5914 Isdalstø

Dato	Vår ref.	Dykkar ref.
31.05.2017	17/402 - 3	

Melding om vedtak - Landbruksplan for Austrheim 2017 - 2022

Sjå vedlagt saksdokument.

Vennleg helsing
Emma Hjelmtveit
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen underskrift

Mottakarar:

Austrheim og Lindås bondelag	Hoplandssjøen 48	5943	AUSTRHEIM
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Hordaland Bonde- og småbrukarlag	Hellandsneset	5936	MANGER
Hordaland Fylkeskommune	postboks 7900	5020	BERGEN
Landbruksfagrådet	Austrheimsvegen 1417	5943	AUSTRHEIM
Landbrukskvinnelaget i Austrheim	Hoplandssjøen 79	5943	AUSTRHEIM
Lindås kommune	Kvernhusmyrane 41	5914	Isdalstø
Radøy kommune	Radøyvegen 1690	5936	MANGER
Saualslaget	Postboks 68	5943	AUSTRHEIM
Viltfagrådet	Bakkavegen 75	5953	FONNES

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
033/17	Kommunestyret	PS	23.05.2017

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	FE - 144, FA - V00	17/402

Landbruksplan for Austrheim 2017 - 2022

Vedlegg

Landbruksplanen for Austrheim 2017 - 2022

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune tek Landbruksplan for Austrheim 2017 – 2022 til vitande. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Kommunestyret - 033/17 - 23.05.2017

KS - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Austrheim kommune tek Landbruksplan for Austrheim 2017 – 2022 til vitande. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Saksopplysninger:

Den 9. mai oversendte landbrukssjefen **Landbruksplanen for Austrheim 2017-2022** til Austrheim kommune for politisk handsaming.

Landbruksplanen for Austrheim for 2017 – 2022 er ført i pennen av felles landbrukskontor for Austrheim, Fedje og Radøy i nært samarbeid med Landbruksfagrådet i Austrheim. Dei som sit i Landbruksfagrådet i Austrheim i perioden 2015 – 2019 er:

Politisk valt og leiar for landbruksfagrådet:	Asbjørn Brandtun
Landbrukskvinnelaget i Austrheim:	Linda Syslak
Sauasalslaget:	Reidar Øksnes
Viltfagrådet:	Øyvind Ullestad
Austrheim og Lindås Bondelag:	Per-Kristian A. Løvmo

Alle i Landbruksfagrådet har personlege varamedlemmer.

Det oversendte planforslaget er utarbeid av Landbruksfagrådet i samarbeid med tidlegare og noverande Landbrukssjef. Den 1. november 2016 var det ope møte for utøvarane i landbruket i Austrheim. Formålet var å få innspel til planarbeidet. Det var godt oppmøte her. Det har vore gjort eit grundig arbeid med landbruksplanen. Landbruksfagrådet har ynskje om eit temamøte **Landbruk** med kommunestyret til hausten 2017. Landbruksfagrådet skal vera eit rådgjevande organ for kommunestyret i landbruksrelaterte saker. **Landbruksplanen for Austrheim 2017- 2022** tek opp dette:

- 1. Bakgrunn for landbruksplanen**
- 2. Status og utviklingstrekk for landbruket**
- 3. Mål, utfordringar og strategiar for landbruket i Austrheim**
- 4. Tiltak.**

Vurdering:

Rådmannen synes **Landbruksplanen for Austrheim 2017- 2022** på ein god måte har fått fram bakgrunn for dette planarbeidet. Den viser og status og utviklingstrekk for landbruket i landet og i Austrheim kommune. Landbruksdrifta i kommunen skjer som elles i Nordhordland i stor grad i kombinasjon med lønna arbeid utanfor garden. På storparten av gardane er det sauehald. Rådmannen er glad for at det er stort engasjement omkring sauedrifta her, og at bønder i Austrheim bidreg sterkt for å halda på det gode og omfattande sauemiljøet i Nordhordland.

Det er fire bruk som driv med mjølkeproduksjon i kommune vår i dag. Rådmannen meiner dei er svært viktige for landbruksmiljøet her. Rådmannen er positiv til at kommunen arbeider aktivt for å ta vare på mjølkeproduksjonen her. Rådmannen vonar at det vil verta investert meir framover her for å møte utfordringar som vil koma framover innan denne produksjonen. Ammeproduksjon har og hatt ein positiv auke, og i dag er det totalt ni bruk som driv med ammekyr. Rådmannen vil peike på at det er 5049 dekar jordbruksareal som er i drift i Austrheim kommune i dag. Rådmannen synes det er positivt at jordbruksareal i drift er aukande dei siste åra og er imponert over det gode arbeidet bøndene gjer for å ta vare på dette og utvikla det vidare.

Rådmannen synes skogbruk og utmarksnæringar i Austrheim kommune og er handsama grundig i Landbruksplanen. Me eit bit balansekvantum på om lag 4000 kubikk vil verdien framover utgjera om lag 1,2 mill kroner i året i Austrheim kommune. Jakt på hjort utgjer og ein viktig verdi både økonomisk og sosialt på gardane våre. Rådmannen synes det er viktig å få ein god balanse i hjortestamma i forhold til beiteskadar og trafikkpåkjørslar. For å få dette til er det viktig å ha ein god dialog mellom aktive bønder og dei andre grunneigarane av landbrukseigedommane i Austrheim kommune. Rådmannen vil peika på det gode arbeidet vilfagrådet gjer som eit rådgjevande organ i

viltfaglege saker.

Rådmannen synes at kapitelet som tek opp **Mål, utfordringar og strategiar for landbruket i Austrheim** er klart og tydeleg og kan slutta seg til innhaldet her. Det er og viktig å peike på at nasjonal landbrukspolitik er avgjerande for kva landbruk me får framover. Rådmannen vonar at det vert ført ein politikk som gjer at det er interessant å satsa og utvikla landbruket vidare i Austrheim kommune. Rådmannen vil peika på at kommunale midlar øyremerka til landbruket har vore positivt for gardane i Austrheim. Rådmannen meiner at strategiane mot år 2022 i jordbruket i Austrheim er tydlege i Landbruksplanen. Rådmannen synes at kapitel 4. **Tiltak mot år 2022 i jordbruket i Austrheim** er framtidsretta og klare. Gode tiltak er viktig å få på plass og gjennomføra i praksis framover.

Rådmannen meiner at for å ta vare på og utvikla landbruket i Austrheim kommune er Landbruksplanen eit godt styringsverktøy. Rådmannen rår til at kommunestyret tek **Landbruksplanen for Austrheim 2017- 2017** til vitande slik den ligg føre.

Konklusjon:

Rådmannen rår til at kommunestyret tek **Landbruksplanen for Austrheim 2017- 2017** til vitande slik den ligg føre.